


# Bård Breivik – meir enn ein skulptør

Bård Breivik (1948–2016) var ein norsk skulptør frå Laksevåg i Bergen. Han arbeidde i mange retningar og format, alltid globalt orientert, og vert rekna som ein fornyar av kunsten. Breivik var først og fremst skulptør samstundes som han utfalda seg i grenselandet mot arkitektur, landskapskunst og byplanlegging. Gjennom heile karrieren har han samarbeidd nært med handverkarar frå ulike land. Anten arbeida er i små format eller av meir monumental karakter, er alltid kombinasjonen av handverk og teknologi eit karakteristisk trekk. Bård Breivik hadde ca 70 utstillingar over heile verda bak seg, og er innkjøpt av museum og samlingar i Norden, Vest-Europa og Nord-Amerika. Han utførte ei rekje offentlege og private utsmykkingar.

Dei seinare åra arbeidde Breivik med kunst i stor skala i det offentlege rom. Han utforma Tusenårstaden Gulating som er eit monument over tingstaden, med «Tingvegen», «Tinghella» og «Eldsirkelen», som vart opna i august 2005. Skulptursamlinga frå Bård Breivik si prisløna Citadell-utstilling er grunnstamma i Klosterenga skulpturpark i Oslo. To andre viktige prosjekt er utført for Lillehammer Kunstmuseum og Jussi Björlingsplass i Göteborg. Felles for desse er samspelet mellom stein og vatn, som synleggjer forholdet mellom det dynamiske og statiske, det harde og det mjuke, det vertikale og det horisontale.



## Bård Breivik – more than a sculptor

The Norwegian sculptor Bård Breivik (1948–2016) was born in Laksevåg, Bergen. The artist worked in many media and carried out monumental public commissions as well as more intimate works. He was innovator who attuned himself to international impulses. While primarily a sculptor, Breivik also took on commissions that were integrated with architecture, made landscape art and played a role in urban planning. The combination of traditional craftsmanship with technology became one of his artistic hallmarks. All in all, Bård Breivik held 70 exhibitions throughout the world; his works are featured in many museums and private collections in Europe and North America. He was commissioned to decorate many public and private buildings and public spaces.

In later years Breivik concentrated on large-scale works in public spaces. A good example is the Gulating Millennial Site near Eivindvik. Completed in August 2005, this is a monument to the ancient Gulating, a council of farmer chieftains (900–1300 CE); Gulating was one of Norway's first legislative assemblies and a court where disputes were settled. Breivik's monument includes Tingvegen (the council wall), Tinghella (the council flagstone) and Eldsirkelen (the circle of fire).

Works from Bård Breivik's award-winning Citadel Exhibition form the foundation of Oslo's Klosterenga Sculpture Park. Other important projects include commissions for the Lillehammer Art Museum and Jussi Björlingsplass in Gothenburg. The interaction between

stone and water, featured in all these works, underscore the relationship between the dynamic and the static, the hard and the soft, the vertical and the horizontal.

### Bård Breivik and the Stone Park

For many years, Bård Breivik collaborated with Rolf Karlsen, one of Norway's foremost stonemason; they completed numerous projects with fascinating interplay between stone, water and the surrounding landscape. Water plays a very important role in their design of the Stone Park. Breivik and Karlsen want the park to give the impression that it had been designed by nature itself, although when they started work on this Melselva riverside area devastated by the 1940 flood, it was just an overgrown thicket.


They arranged a combination of natural stone and stone blocks cut and polished to create different levels. When water was reintroduced, the creek and the park itself came alive. Water is a vital component, visually and in terms of sound, often tempting the youngest visitors to play in the creek. The stone blocks, which come from various sites in the region, have been sculpted or polished so as to more clearly speak of each stone's origins and story.

The Stone Park is an exciting collaboration between the artist Bård Breivik, and the stonemason Rolf Karlsen. In the park, art is used in the service of science to convey a complex message about nature and natural forces for a broad audience – young and old.

### Bård Breivik og Steinparken

Bård Breivik samarbeidde gjennom mange år med Rolf Karlsen, ein av Noregs fremste steinhoggarar, og fleire av prosjekta handlar om stein, vatn og landskap. I Bård Breivik og Rolf Karlsen si planlegging av Steinparken var det avgjerande viktig at vatnet fekk ein plass og at parken skulle framstå som eit parkområde utforma av naturen sjølv. På dette tidspunktet framsto området som eit overgrodd villniss herja av Mehlselva i den dramatiske skadeflaumen i 1940.

I det tørrlagde bekkefaret vart det lagt små tersklar, dels av råstein dels av forma og polerte steinblokker, og vatnet som vart henta tilbake til det tørrlagde bekkefaret skapte liv og dynamikk i området. Slik vart vatnet ein viktig komponent, både visuelt og lydmessig og ein uimotståeleg invitasjon til glede for dei yngste gjestene i parken. Steinblokkene henta frå ulike stader i regionen vart gjennom forming og polering vakre skulpturelle forteljingar om opphavet og historia til bergartene. I Steinparken vart samarbeidet mellom kunstnaren og skulptøren Bård Breivik, steinhoggaren Rolf Karlsen og den naturvitenskaplege kompetansen eit døme på «art and science», eit fruktbart samarbeid der kunst og estetikk bidrar til å løfta kvaliteten på naturvitenskapleg formidling og slik gjera naturvitenskapen tilgjengeleg og spennande for eit langt breiare publikum.




Steinhoggaren Rolf Karlsen i aksjon.  
The stonemason Rolf Karlsen in action.



© Rosendalstiftninga

Skulptøren Bård Breivik utforma Steinparken.  
The sculptor Bård Breivik designed the Stone Park.



© Lene Mæling-Jensen

© Helen Petersen



ROSENDALSTIFTINGA